

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088

Våge, 20.11.2022

Til APM-utvalet i Alver

REAKSJON PÅ BERNTSEN SI FRAMSTILLING FOR APM-utvalet 9.11.22

Det er ikkje muleg å la dette gå forbi. Berntsen si framstilling var eit svik mot sanninga og fakta. Berntsen framstod forleia av tiltakshavar, og brukt til des-informasjon. Det er ikkje kjekt å skulle bruke tid på dette her, det kjennest tungt. Men vi vil prøve å gjere det kort.

LA FRAM UGYLDIG DOKUMENT FOR APM

Kartet B. la fram er eit ugyldig kart, der grunnleggande grov feil er påvist, som prosjekterande etterpå har vedgått og beklaga. B. viser med dette manglande fakta-kjennskap/kontroll med fakta i saka.

FEIL OM MUR. DET BERNTSEN FRAMFØRTE OM MUR VAR DIREKTE FEIL

Berntsen: «*Mur er 4 meter*». Dette er **feil**. Den no 150 meter lange muren er stigande t.o.m. 6 meter høg. Muren som er bygd stemmer ikkje med innsende teikningar & søknad. I P0, P10 og P20 (høgaste delen av muren) er det ikkje søkt om mur i det heile, og i teksten til søknaden er det kun søkt om 3 meter høgde. Det Berntsen sa var **direkte feil**.

Berntsen: «*Muren er godkjent*». Feil. **Muren er 6 m høg** i P20. Har aldri vore søkt om, og har difor aldri vore godkjent. Bevis: Dronebilette frå sept. 2021, grunnlaget for APM sitt tilbakeføringsvedtak, viser at mur i P0, P10 og P20 då **ikkje** var der. 6 m høg mur vart ulovleg bygd våren 2022, **medan tilbakeføringsvedtaket var gjeldande og FØR SØKNADEN OM TERRENGENDRING. Altså ulovleg bygd.** Vi sende fleire brev til Tilsyn v/Berntsen medan ulovleg bygging pågjekk (m.a. brev av 10.4. med kopi til APM), om at det var i direkte strid med APM-vedtaket, og at det også var i direkte strid med adm. (Berntsen) sitt pålegg av 15.10.21 om å tilbakeføre landbruksveg til godkjent trase. **Godkjend trase skulle jo gå akkurat her, gjennom det som er P0 og P10!!**

Vi fekk aldri svar på breva (som vi heller ikkje har fått på dei andre relevante breva vi har sendt adm.), og muring held fram til 6 m høgde.

Berntsen: «*Har blitt tilbakeført masse framfor mur*». Feil! Den synlege, svarte massen som er transportert inne frå tunet og tippa utfor over 100 m lang og 4-5-6 m høg mur har aldri eksistert der før, men er avgravid masse inne frå tunet, masse som no er direkte misbrukt for å prøve å kamuflere høgda på muren. Her har aldri **vore** slik masse og **slikt bratttheng** på denne staden, her kunne vi lett kjøre traktor og dra lass opp utan firhjulstrekk, gjort mange gonger. Massen som i månadsvis, inntil formiddag tilsynsdagen, har vorte tippa utfor muren, har åleine hensikt å kamuflere. Det Berntsen sa om tilbakeføring var **direkte feil**.

Og «grøn masse» enda lenger nede er avgravid masse som har lagt i fleire år, slett ikkje opprinneleg terreng, som Berntsen **heilt feil** seier i møtet.

Berntsen: «Muren ikkje synleg for nabo». Direkte feil. Den 6 meter høge muren like framfor oss, i nivå med bjelkelaget i 2.etasje i huset vårt, vil bli godt synleg og dominant i kulturlandskapet. (Muren har **ingen** funksjon i å halde jord på plass, då massen heile veggen innafor er eit fleire meter høgt lag komprimert stein. Det er **ikkje** landbruks-messige grunnar for denne muren)

DET BERNTSEN FRAMFØRTE OM LANDBRUKSVEG VAR FEIL

Berntsen: «*Lita justering i sving (i tunet) for å passe betre i terrenget*». Realiteten er akkurat motsett. Vegen var teikna i søknad og stukken av fagfolk til å naturleg følge terrenget ut frå tunet, der veggen **ikkje** ville hatt trong for mur. No ligg det ein 6 m høg mur der veggen **skulle** gått, samstundes med at heile terrenget (lia) ikring er bygd opp med stein fleire meter høgt til eit steinplatå. **Oppå** dette svære og konstruerte steinplatået er veggen så lagt 10 m for lang mot nord, maks synleg og maks øydeleggjande for kulturlandskap (og nabo). «*Lita justering for å passe betre i terrenget?*». Akkurat det motsette. Det Berntsen framførte var **direkte feil**. Stikkinga til Fanagro var **fagmessig** utført, og ikkje lemfeldig slik Berntsen legg det fram.

Berntsen: «*Veien er ikkje påklaga*». Dette er feil. Den traseen som **skulle gått** og som var **godkjent** er ikkje påklaga. Men det **vesentlege, ikkje omsøkte** avviket som er **utført** har vi påklaga i fleire brev til kommunen sidan hausten 2021 (utan å få svar på nokon av dei). **Det Berntsen sa var feil. Vi meiner det vesentlege avviket også skulle medført ny søknad.**

Berntsen: «*6 m djup myr vart bonitert der veggen skulle gått, vegen difor flytta til grunnare lende*». Dette er også **fullstendig** feil, realiteten er denne: Vegen er av Alf Eikevik **flytta til (!)** eit fleire meter djupt myrområde, **bort frå** grunt lende, og i tillegg forlenga mykje. Den godkjende traseen var mykje kortare, og prosjektert av fagfolk gjennom eit grunt område, berre 0,3 - 1 m djupt. Fakta her kan lett sjekkast med jordspyd (som underteikna har gjort). Det Berntsen la fram var **direkte feil**. (Vi skreiv dette i førre veke, dagen etter vart dette inderleg **bekrefta** ved at det vart bora og skote ut masse på staden der det iflg. Berntsen var «6 m djup myr», medan faktum er 0,3 - 1m. Dette bekreftar det meiningslause i å legge vegen anna stad enn der han var godkjent, **bort frå** grunna og **til** fleire meter djup myr. Det bekreftar også at Berntsen er forleia, for kva skulle vel elles vere motivet hans?)

Berntsen: «*Foregår no tilbakeføring og grøfting langs vegen fram mot sauehus*». Dette stemmer **ikkje**, det som er gjort er ei rein utviding av veggen. Fakta: I samband med at lastebilar med stein ikkje klarte svingen i sommar, vart det gravd opp **store** mengder myr-jord på sørsida av veggen og fylt tilbake med stor stein for å gjere vegen framkomeleg. Ei rein utviding p.g.a. den dysfunksjonelle traseen som A.E. hadde laga, **ikkje** tilbakeføring og grøfting slik det vart framstilt. Framstillinga frå Berntsen var direkte feil.

(Førre veke vart også **dette** bekrefta, då vart veggen her ytterlegare utvida)

OM «OPPSTRAMMA OMRÅDE» OG «NYDYR KING»

Berntsen: «*Området er stramma opp sidan APM var her*». Om «oppstramma»: Det er no laga ein svært brei **veg** langs heile austre bergveggen, den har fått lik kotehøgde med det som ferdig nydyrkings-toppdekke skal ha. Dvs ikkje lenger brukbart område etter krava, avdi vedtak seier 1 m jord på topp v/nydyrking. Og motsett side, mot vest, langs heile den no over 150 m lange muren, er anlagt liknande breitt felt med same forhold, dvs ikkje tilpassa vedtaket om nydyrking. Når ein trekkjer ut dei to ikkje funksjonelle felta på sidene, krympar nydyrkingsfeltet «Felt 1», vesentleg. Søknaden gjev med andre ord inntrykk av mykje større dyrkingsområde enn det som er det reelle. Dette **burde** APM vore informert om i samband med det «oppstramma» feltet. Om vi også tar vekk

Commented [ETHF1]:

området tett kring husa, som heller ikkje kjem til å bli reell nydyrking inne i Felt 1, men hageområde, står 99/4 igjen med eit svært redusert «nydyrkingsfelt», som bør setja søknaden i eit nytt lys. Nydyrkingsfeltet kan då ende opp med å gje for til kun 4 sau, medan storleiken på innmarksbeitet som no er øydelagt (10 mål) ville gitt for til 10 sau. Eit omfattande muranlegg, som framstår som «festningsmur», kring hus og tomt reduserer kraftig arealet som er oppgitt til nydyrking. Dette viser kor viktig, og heilt naudsynt, beslutningen til APM om tilbakeføring til markslag i **heile tunet** var.

APM SITT TILBAKEFØRINGS-VEDTAK HADDE IKKJE UNNTAK FOR DELAR AV TUNET

APM-vedtaket om tilbakeføring hadde ikkje unntak for delar av tunet, men omfatta jo **alt** det som pr 13.10.21 var ulovleg anlagt. Sjølv sagt omfatta dette då også delen i nordaust, nærast 99/1, sjølv om 99/4 har prøvd å unngå dette ved å halde ulovlegheitene her utanfor søknad om nydyrking. I nordaustre delen av tunet er det begått **akkurat dei same ulovlege tiltaka**, og den same ulovlege nivåheving **på og over** grenselinja som i det **omsøkte området** (der det no er vedtatt at nivået skal tilbake til lovleg grensenivå). Vi veit at Berntsen har observert den ulovlege grensehevinga i nordre del på synfaring, og har foto. **Dette burde Berntsen ha informert APM om i møte 9.11.**

2 METER «BUFFER» I GRENSELINJA = FEILFRAMSTILLING

Berntsen brukte misvisande ordet «buffer» om den **ulovleg oppbygde**, 2 m breie vollen (på/over nabogrensa). Det er ein voll som er så ulovleg at han er vedtatt fjerna. Berntsen burde i staden sagt sanninga om den oppbygde vollen, og informert om at det var eit ulovleg tiltak på heile grensa. På same måte skulle APM vore informert om at det innafor denne vollen i heile strekket er forhøya ulovleg med komprimert steinmasse, som må takast kraftig ned for at terrenget skal få tilbake sitt fall mot vest, og oppfylle adm. sitt tilbakeføringskrav frå juni -22. **Alt dette burde Berntsen ha informert om i møtet.**

DETTE VISSTE BERNTSEN, MEN UNNLOT Å FORMIDLE TIL APM:

Ulovleg oppbygd jordvoll på/over heile nabogrensa mot nabo 99/1

Kvifor unnlot Berntsen å nemne dette i det heile, enda det vart dokumentert av Berntsen med bilete under synfaringa?

Kvifor vart det i det heile ikkje nemnt **eitt ord** om at noko har vore ulovleg på 99/4? Veldig spesielt, når faktum er at **alle tiltaka**, inkl. avviket på landbruksvegen, har vore gjennomført utan søknad, altså **ulovleg**.

Ulovleg nivåheving i nordre del av tun og nabogrense

Nivåhevinga i nordre del av tun og nabogrense heng direkte saman med det ulovlege tiltaket/nivåhevinga elles. I nordre del av tun vart innmarksbeitet gravd av og erstatta med oppbygd, komprimert stein. Må difor handsamast under eitt og på same måte. For tilbakeføringa i det nordre tunet på 99/4 betyr dette at: **«Topp på ferdig dekke dei siste to meter frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøgde som nabogrense og skrå nedover med fall mot godkjent landbruksveg.» (ev. går det an å sei: «mot vest, som før»)**

Dermed får terrenget her tilbake sitt fall mot vest, slik det hadde før ulovlegheita.

Berntsen har sett og observert på synfaring. Unnlot å formidle. Dette var hans ansvar å informere APM om.

Dei ulovlege tiltaka lengst nord i tunet på 99/4 skulle vore tilbakeført innan 15.01.22. Er ikkje gjort.

Er kravd tilbakeført av adm. v/Berntsen i brev til Eikevik av 15.10.21. Heile det gedigne området nord for gamletunet, mellom nabogrensa og landbruksveg, samt lia nedanfor, vart i 2021 ulovleg avgravd og oppbygd metervis med komprimert stein + oppbygde murar. Oppbygginga starta ulovleg på nabogrensa, kun 14 m frå huset til nabo(oss). Vi **veit**, av eigen kommunikasjon med Berntsen på synfaring, at Berntsen har sett og dokumentert dette med foto. Dette området er **både** omfatta av APM sitt tilbakeføringskrav **og** av tilbakeføringskrav frå Berntsen i brev til Eikevik av 15.10.21, med frist 15.01.22. I brevet krov Berntsen både riving av murar og tilbakeføring av landbruksveg til godkjent trase. Dette utløyser kommunen si plikt til å følgje opp krava etter Pbl § 32. **Kommunen har ikkje følgd opp desse krava sine, dvs sine egne pålegg.** Heller ikkje er desse områda inne i Fanagro sin søknad. Ulovlegheitene er **ikkje** omfatta av nokon ny søknad frå 99/4, tilbakeføringskrav står difor ved lag. Ulovlegheitene eksisterer framleis, og er såleis framleis omfatta av tilbakeføringskrav frå **både** APM-vedtak, i tillegg adm. sitt krav av 15.10.21, med tilbakeføringsfrist 15.01.22. **Dette må administrasjonen no følgje opp!** (Det skulle etter krava vore sanksjonert med bøter frå 15.01.!) Tilbakeføringa i området må følgje APM sitt vedtak og **tilbakeførast til markslaget som det hadde før, og ta utgangspunkt i opprinnelege koter.**

99/4 har starta opp utan igangsetjingsløyve – og utan å ha tilbakeført

- **Berntsen visste** at 99/4 sitt renseanlegg var ferdig montert i sommar, utan løyve, og **før** det var søkt om. Dette **skulle** APM vore informert om.
- **Berntsen visste** at 99/4 ei veke **før** møtet hadde fått avslag på søknad om igangsetjingsløyve for montering av minirensanlegg med røyr i grunn. Dette **skulle** APM vore informert om.
- Berntsen visste at **grunnarbeidet hadde starta ulovleg to dagar før APM-møtet** (han ringde endatil dagen før møtet for å få det bekrefta). Dette **skulle** APM fått vite.
- Berntsen **visste** at det på tidspkt. for APM-møtet ikkje lenger såg ut som fotoet han viste for APM frå «byggegropa». Dette **skulle** APM fått informasjon om.

(To dagar **etter** APM-møtet starta 99/4 massiv skyting av grøfter til renseanlegget, trass i avslått søknad om dette. Skytinga har halde fram.)

Tilbakeføringa som skulle skje før oppstart, i tråd med APM-vedtaket, har ikkje funne stad.

Den års-sikre vassføringa i bekken til Fjellangerpollen er øydelagt

99/4 har erstatta 60 m kisteveit med 60 m rør, diameter 80 cm, dvs kraftig dimensjon.

Evna det store røret har til å tappe myra raskt, fører til at røret periodevis går tomt. Vi har observert det, og meldt frå til kommunen. Dette vil no ha store negative konsekvensar for biologien i bekken der røret munnar ut, ein bekk med fall til Fjellangerpollen.

APM burde fått informasjon om dette, sidan røret er del av det omsøkte renseanlegget.

Heile området i gamletunet er ulovleg høgt heva med komprimert steinmasse. Må ned, jfr. vedtak

Heile det gamle tunet er heva fleire meter opp med ulovleg utskoten og komprimert steinmasse. Før den ulovlege hevinga hadde tunet fall mot vest. Dette er også kravet i adm. vedtak frå juni: «**Topp på ferdig dekke dei siste to meter frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøgde som nabogrense og skrå nedover fram til godkjent landbruksveg**». Dvs. fall mot vest, som før. Når tilbakeføringa etter vedtak i tillegg skal vere til same markslag som før, inneber det at forhøya steinmasse først må fjernast.

For å oppfylle vedtaket om at nivået skal helle **ned** mot godkjent landbruksveg, må det gravast vekk over heile flata fram til landbruksvegen. For berre å få det **plant** frå nabogrense og fram til godkjent landbruksveg, må det gravast vekk mange kubikk, endå meir for at nivået også skal helle nedover. Nivået må i tillegg så lågt at det gjev plass til jorda i toppdekket som trengst for å få eit fungerande markslag slik det var, i pakt med APM sitt vedtak. Der underlaget er *sprenngstein*, i motsetnad til tidlegare kupert grunnfjell, vil kravet til tjukkelse på jorddekke vere meir enn dobla i forhold til før, for å oppnå det same.

Desse tilhøva burde Berntsen ha informert APM om.

DEI VIKTIGASTE PUNKTA, OPPSUMMERT OG SAMANFATTA

- 6 m høg mur er ulovleg anlagt. Muren kan ikkje forsvarast som tiltak i nydyrking
- Nydyrkingsfeltet vert reellt mindre enn omsøkt
- Ulovleg oppbygd voll, også i nordre del av nabogrensa i tun, må følge adm. sitt vedtak av juni -22: «Topp på ferdig dekke dei siste to meter frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøgde som nabogrense og skrå nedover fram til godkjent landbruksveg»
- I tunet på 99/4, mellom nabogrensa og godkjent landbruksveg, må det ulovleg oppbygde nivået i tunet takast ned så det samsvarer med begge vedtak som er gjort med omsyn til nivå (både Adm: «helle ned mot landbruksveg» og APM: «til markslaget som før»)
- Administrasjonen må no følge opp tilbakeføringskravet sitt frå 15.10.21, med frist 15.01.22, som omfattar dei ulovlege tiltaka i nordre del av tun (nord for gamlehusa), om riving av mur og tilbakeføring av landbruksveg til godkjent trase
- Tilhøva med utslepp frå renseanlegg må bringast i orden
- Det må utarbeidast konkret tilbakeføringsplan for tilbakeføringsvedtaka som er fatta, det er ikkje nok at A.E. utfører desse slik han sjølv finn på

EIN SLUTT-KOMMENTAR

Vi tenkte *ikkje* at dette brevet skulle bli så langt, men det var ikkje til å unngå, slik saka er. Det har vore tungt å måtte jobbe seg igjennom dette påny. Heldigvis at vi har skrive dei breva vi har, som gjer at vi kan dokumentere. Det viser for oss kor naudsynt all brevskrivning har vore.

Det har vore ei tung belastning for oss, sidan 2014, å ha ansvar overfor kommunen for å stadig måtte melde frå om ulovlegheiter utført av same utførande på 99/4. Vi ønskjer at kommunen sanksjonerer tilstrekkeleg til at dette no kan ta slutt.

Tiltakshavar og utførande har plikt til å ha eit system for å fange opp og **melde alle avvik til kommunen.**

På 99/4 har avvika vore mange og kontinuerlege over fleire år, jfr. dronebiletet av september 2021. **Samtlege tiltak** på dette dronebiletet innebar **grove** og **systematiske avvik** som skulle vore fanga opp og innmeldt av tiltakshavar.

Når avvik aldri har vorte meldt, heller ikkje ved seinare ulovlege tiltak, manglar kommunen grunnlag for faktabaserte vurderingar, noko som grundig manifesterte seg i Eirik Berntsen si framføring for APM onsdag 9.11.

Det er måten det heile blir «drive» på som skaper desse vanskane for **alle**, inkl. for Berntsen: Tiltak vert gjennomført utan søknad eller plan, og **om** vedtak blir fatta, vert ikkje desse følgde. P.g.a. all den manglande, og også feile, dokumentasjonen i tiltaka, vert også dokumentgrunnlaget for dei som skal gjere vurderingar heilt umuleg.

Det er kommunen si plikt å følgje opp at tiltakshavar oppfyller dei lovpålagte rutinene for avvik. Om tiltakshavar sin «utførande ansvarlege» **ikkje** oppfyller desse krava, skal han etter lova misse retten til å vere ansvarshavande. Vi kan ikkje sjå noko anna enn at kommunen no har plikt til å **gjere** dette. Etter 8 år med **kun** avvik, utført av same utførande, alle utanfor dokumentasjon og kontroll, og med **alvorlege konsekvensar**, må no kommunen setje inn tilstrekkelege tiltak.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

NY ULOVLEGHEIT BEGÅTT på 99/4 TORSDAG 17.11.:

Utan søknad eller løyve har 99/4 torsdag 17.11. skote passasje gjennom den grunne ryggen i myra (på det tidlegare omtala området, der landbruksvegen eigentleg var omsøkt og godkjent). Vi konstaterte same kveld at det rann ei stri, illeluktande og brun elv ut frå myra – og til Fjellangervågen. Å senke vannspeilet på denne måten i myr er **ulovleg, og rein miljøkriminalitet**. Resultatet vil vere at myra vil falle saman.

Skytinga medførte at det no heller ikkje kjem **ein dråpe** vatn ut gjennom røret frå renseanlegget, alt forsvinn no i den store fyllinga som, denne våren, vart fyllt opp i dalen der røret ligg. Det store røret vil no kun fungere ved flaum.

Vi må no kunne kreve at alle utsleppsløyve på 99/4 vert umiddelbart stansa, til forholda er retta opp i, og vi viser til «FORSKRIFT OM UTSLIPP AV AVLØPSVANN», §11.

Vedlegg 1: Dronebilete av september 2021. Ulovlege tiltak + innteikna godkjend landbruksvegtrase.

Vedlegg 2: Dronebilete av 27.08.22. Innteikna P0, P10, P20 og P30, og godkjend landbruksvegtrase.

Vedlegg 3: Foto av det oksygenfattige vatnet som renn frå myra kvelden 17.11., etter at det om morgonen vart skote passasje frå myra gjennom ein rygg.

Vedlegg 4: Om Alf Eikevik si rolle